



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 434

Sak nr 08/2024

Møtedato: 10.04.2024 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## LANDING MED FLY PÅ STORFJORDEN

I sak 12/2022 vart det fatta følgjande vedtak:

*Endre vedtak 43/2021 for småfly, der ein fortsett tillett landing med fly heile året i ein prøveperiode på 2 år. I samarbeid med lokale flyklubb skal all landing registreres av lokal flyklubb (My PPR) og SMS til tlf fjelloppsynet/90921654 for kvar flybevegelse.*

Dette har no fungert som ei prøveordning i snart 2 år.

I perioden er det registrert følgjande flyaktivitet:

28.august 2022	2 bevegelse	LN-HAV (sjøfly)
19. september 2022	2 bevegelse	LN-HAV (sjøfly)
27. januar 2023	2 bevegelse	LN-BBL
14. februar 2023	2 bevegelse	LN-BBL
21. februar 2023	2 bevegelse	LN-BBL
10. mars 2023	2 bevegelse	LN-BBL
19. mars 2023	2 bevegelse	LN-BBL
20. mars 2023	2 bevegelse	LN-BBL
31. mars 2023	2 bevegelse	LN-BBL
27. april 2023	2 bevegelse	LN-BBL
28. april 2023	2 bevegelse	LN-BBL
07. februar 2024	2 bevegelse	LN-BBL
09. februar 2024	2 bevegelse	LN-BBL
21. februar 2024	2 bevegelse	LN-BBL
20. mars 2024	2 bevegelse	LN-AER

Av total aktivitet er det 2 dagar med sjøfly, resten er vinterstid på is.

Det er take kontakt med dei lokale flyklubbane (Valdres og Hallingdal), der det er bedt om uttale sett ut i frå deira ståsted på denne prøveordninga. Det er komme følgjande svar:

Hallingdal flyklubb (vedlegg)

Valdres flyklubb (vedlegg)

Statskog: «Statskog har ingen andre merknader annet enn vi oppfordrer til minst mulig motorferdsel i naturen.»

### Vurdering:

#### Sumarbruk vs Vinterbruk

Som nemnd i saka frå 2022, er det eit poeng frå administrasjonen at ein bør skilje på vinter og sumar bruk. Det er på sumarstid med stølsbruk/turisttrafikk og særskilt utøving av fiske som gjer denne kombinasjonen med flytrafikk meir problematisk.

Dette er særst tydeleg når ein ser talet på stolar kring Storfjorden samt fjellstyret sin omsetning av fiskekort samanlikna med andre stader det kan landast sumarstid.

Som prøveordninga viser er og det å lande med sjøfly lite brukt i denne prøveperioden.

Uttale frå lokale flyklubbar:

Dei erkjenner sjølv at deira medlemmer har lagt ein del treningsflyging til andre stader enn Storfjorden. Etter administrasjonen sitt skjønn er dette mest tydeleg på sumarstid. Utan at det finst talmateriale, ser bildet passe likt ut for vinterstid når det gjeld talet på landingar. Valdres og Hallingdal flyklubb meiner ut i frå desse registreringane at talet på flybevegelse er representativt og såpass lite på sumar/vinter at dette ikkje bør regulerast.

Administrasjonen er oppsummert meir positiv til landing vinterstid enn sumarstid grunne nemnde argument i høve til stølsbruk/turisme/fiske. Det tilrås difor å fortsatt tillate landing med fly på islagt vatn, men å ta ut moglegheita for flylanding sumarstid som generelt utgangspunkt. Når det gjeld sumarstid er det mogleg å tillate enkelttilfeller tilknytta lokal næringsutvikling gjennom dispensasjonsbehandling. Dersom det faktisk er representative tal slik registreringa syner gjennom 2 år, betyr dette særst lite for flyklubbane så dei uansett har lagt trening på vatn andre stader.

### Skule-flyging vs fritidsflyging

I førre sak vart det diskutert eit skilje mellom skuleflyging/opplæring sett opp i mot rein fritidsflyging. I førre vedtak vart dette ikkje vektlagt. Imidlertid føreligg det vektige argument om at det er viktig å oppretthalde moglegheita for å kunne trene på ulike vatn med ulike forhold når det gjeld opplæringsflyging. Dette burde vere meir viktig å sikre enn rein fritidsflyging. Ein kan vurdere i eit vedtak å setje opplæringsflyging foran fritidsflyging, slik at dersom ein opner for noko landing, kan dette avgrensast til opplæringsflyging i tråd med godkjente opplæringsplaner saman med instruktør. Sidan dette ikkje vart take med ved førre vedtak, vert dette ikkje fremja pånytt, men bør vurderast i møtet.

### My PPR – ordninga samt varsling til fjelloppsynet

Det må vurderast om ein skal vidareføre varslinga til fjelloppsynet/ my PPR ordninga. Ifølge representant for flyklubben er denne «PPR» ordninga for Storfjorden den einaste som er i drift i hele landet - utanom dei større flyplassane.

Denne kom imidlertid i stand som følge av tilbod/forslag til løysing frå lokal flyklubb. Det kan vere ei mogleg løysing å unngå dette varslingsystemet dersom ein avgrensar landing til eks vinterstid etter administrasjonen sitt skjønn. Då er det færre andre interesser som vert negativt berørt, og ein treng ikkje lenger eit slikt kontrollsystem for å få oversikt.

### **Oppsummert:**

Prøveordninga syner at det i denne perioden har vore lite landing sumarstid. Største aktiviteten skjer vinterstid på islagt vassdrag. Vinterstid inneber og minst negative verknader i høve til andre interesser.

Administrasjonen tilrår at uansett bør ein ikkje tillate landing sumarstid/med sjøfly. Dette då verknader for andre interesser som støling/turisme/fiske osv kan bli negativt berørt.

Ein kan løyse dette eventuelle behovet sumarstid ved å vere positiv til å drøfte enkelttilfelle av flylanding gjennom vanleg dispensasjonsbehandling ved reelle behov tilknytta lokal næringsutøving.

Vinterstid/på islagt vassdrag er administrasjonen meir positiv til landing med sjøfly. Ein ber likevel fjellstyret vurdere om ein skal skilje på opplæringsflyging og rein fritidsflyging.

### Forslag til ulike vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre tillèt start og landing vinterstid/ islagt vassdrag på Storfjorden. Fjellstyret er positiv til å drøfte enkelttilfelle av flylanding sumarstid gjennom vanleg dispensasjonsbehandling ved reelle behov tilknytta lokal næringsutøving.

Evt med følgjande tillegg:

Dette gjeld berre for opplæringsflyging i tråd med godkjente opplæringsplaner saman med instruktør. Fritidsflyging er ikkje tillate.

Evt vedtak som opner for all flyging:

Vestre Slidre fjellstyret tillèt start og landing vinterstid og sumarstid på Storfjorden.

### **Forslag til vedtak:**

Vidar Opheim fremja følgjande forslag:

*Vestre Slidre fjellstyret tillèt start og landing vinterstid og sumarstid på Storfjorden.*

Anne Berit Strømmen Strand fremma følgjande forslag:

*Vestre Slidre fjellstyre ynskjer å ta på alvor og redusere motorisert ferdsel i utmark i området Storfjorden. Området er utpeikt som eit spesielt utvalt kulturlandskap av nasjonal verdi, grunna kontinuerleg aktiv støling , - av så stor verdi at området årleg får ein god slump statlege midlar som tilskott for å ta vare på hus og landskap og tilrettelegging for allmennheite for å verne om det særigne.*

*Vidare viser ein til utstrekt interesse for fisking i fjorden, med betydeleg fiskekortsal på sommarstid. Med respekt og omtanke for viltbestanden er det òg restriktiv praksis for båtmotor og snøscooter i området.*

*Ein viser vidare til uttale frå Statsskog; «Statsskog har ingen andre merknader annet enn vi oppfordrer til minst mulig motorferdsel i naturen.»*

*På bakgrunn av argumentasjonen ovanfor avslær ein søknaden om start og landing med småfly på Storfjorden.*

Endre Stee fremja følgende tilleggsforslag:

*Fjellstyret ber administrasjonen ha årlig dialog med Valdres flyklubb og Hallingdal Flyklubb om omfang over tid.*

*Fjellstyret vurderer gjeninnføring av PPR registrering dersom omfanget aukar vesentleg.*

*Det sendes SMS for lokale flyklubber (Valdres/Hallingdal) ved flybevegelser.*

**Behandling:**

1 stemme for Anne Berit Strømmen Strand sitt forslag (falt)  
4 stemmer for Vidar Opheim sitt (vedteke)

Tilleggsforslag frå Endre Stee:

4 stemmer for, 1 mot (vedteke)

**Vedtak:**

Vestre Slidre fjellstyret tillèt start og landing vinterstid og sumarstid på Storfjorden.

Fjellstyret ber administrasjonen ha årlig dialog med Valdres flyklubb og Hallingdal Flyklubb om omfang over tid. Fjellstyret vurderer gjeninnføring av PPR registrering dersom omfanget aukar vesentleg.

Det sendes SMS for lokale flyklubber (Valdres/Hallingdal) ved flybevegelser.

*Det er ikkje klagerett på dette vedtaket, då fjellstyret er rettighetshaver når det gjeld styring av motorferdsel.*

Vestre Slidre fjellstyre den 11.04.2024

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:  
Berørte partar